

# Velferdsklubb for tilsette i Bømlo kommune

## VEDTEKTER

### §1 Føremål

Klubben sitt føremål er å fremja eit godt sosialt miljø, helse og trivsel for alle tilsette i Bømlo kommune, samt å bidra til at kommunen vert opplevd som ein attraktiv arbeidsplass.

### §2 Økonomi

Klubben skal vera politisk og økonomisk uavhengig. Den skal drivast med midlar som kjem inn ved tilskot frå Bømlo kommune (velferdspengar), kontingent frå medlemmane, eigenandel ved utleige, samt gåver.

Kontingenget vert fastsett av årsmøtet og vert trekt av løna ein gong i månaden.

Klubben skal registrerast i Einingsregisteret i Brønnøysundregistra.

### §3 Medlemsskap

Alle tilsette i Bømlo kommune har rett til å vera medlem i velferdsklubben. I klubben har alle same rettar uansett stilling. Pensjonistar kan framleis vera medlemmar ved å betala kontingent. Statleg tilsette i NAV med naturleg arbeidsfellesskap med dei kommunalt tilsette i NAV kan og verta medlemmar. Dette gjelder også alle tilsette på Kyrkjekontoret. Dei betaler då dobbelt kontingent. Nytilsette i Bømlo kommune vil frå første dag få tilbod om å bli medlem og har alle rettar i Velferdsklubben ved betaling av kontingent.

### §4 Årsmøtet

Ordinære årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av mars. Møtet skal ha skriftleg innkalling frå styret, 3 veker før møtedato.

Saker som skal handsamast på årsmøtet, må vera sendt skriftleg til styret seinast 2 veker før møtet. På årsmøtet skal følgjande saker handsamast.

1. Årsmelding og rekneskap
2. Budsjett/årsplan
3. Fastsettjing av kontingent
4. Val av styremedlemer til styret.
5. Val av komitear og valnemnd
6. Val av revisor
7. Andre saker som er nemnt i innkallinga.
8. Innkomne saker

Årsmøtet kan berre fatta vedtak i saker som er nemnt i innkallinga.

Omframt årsmøte blir halde når styret finn det nødvendig eller når minst 1/10 av medlemene skriftleg krev det.

Alle vedtak treffast med alminneleg fleirtal med mindre anna er bestemt i desse vedtekten. Alle betalande medlem som møter på årsmøtet har stemmerett.

## §5 Styret

Styret skal ha i alt sju medlemer: Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og tre styremedlemer. Desse vert valde for to år om gangen. Tre eller fire styremedlemer går ut kvart år – første året etter loddrekning. Styret konstituerer seg sjølv, leiar vert vald for eit år av gongen.

Klubben skal ha ei valnemnd på tre personar. Desse bør representera ulike seksjonar i kommunen.

Laget skal ha ein rekneskapskyndig revisor vald for eitt år om gongen.

## § 6 Informasjon

Styret skal gje medlemene informasjon om aktuelle tilbod som er tilgjengeleg i klubben. Nye tilsette skal få utlevert eitt eksemplar av desse vedtekten.

## §7 Oppløysing

Oppløysing av klubben kan berre skje etter vedtak på årsmøtet med 2/3 fleirtal. Vert klubben vedteke oppløyst, skal det setjast ned eit avviklingsstyre med tre medlemer, eit medlem utnemnt av Bømlo kommune, og to andre valt av årsmøtet. Avviklingsstyret skal laga liste over eigedelar i klubben og gjera opp balanse med sikte på avvikling. Lista og balanse skal reviderast og sendast over til klubben sitt styre, alle medlemene og Bømlo kommune. Eventuelt overskot skal gå til utsmykking av kommunale eldreinstitusjonar.

## §8 Vedtektsendringar

Framlegg til endringar av vedtekten må ha 2/3 fleirtal på årsmøtet